

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Møtestad: Gloppen Hotell, Sandane

Dato: 17.11.2015

Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jorunn Eide Kirketeig	MEDL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Olav Klungre	Jorunn Eide Kirketeig	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturopsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 25/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 26/2015	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 4/2015	Orienteringssaker		
ST 27/2015	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - fornyng av fleirårig skuterløyve - Gjengedalsmarkja beitelag		2013/1282
ST 28/2015	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornyng av skuterløyve - Risbotnen beitelag		2013/1564
ST 29/2015	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fornyng av skuterløyve - Øvre Naustdal Utmarkslag		2012/482
ST 30/2015	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog 2016		2015/562
ST 31/2015	Eventuelt		
ST 32/2015	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde – Søknad om fornyng av motorbåtløyve – Fitje og Mardal sankelag		2012/3790
ST 33/2015	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde – Søknad om fornyng av skuterløyve – Fitje og Mardal sankelag		2012/958
ST 34/2015	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre – Delegering av vedtaksmynde		2015/562

ST 25/2015 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2015

Det har kome til fire saker etter at innkallinga vart sendt ut. Tre av desse sakene er sendt til styret før møtet.

Den siste saka er:

- Budsjett for 2016, føringar frå styret.

Denne vert handsama under Eventuelt.

Vedtak

Med desse merknadane godkjente styret innkalling og sakliste

ST 26/2015 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner protokoll frå førre møte, og signerer den

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2015

Vedtak

Styret godkjente og signerte protokollane frå dei to siste møta i verneområdestyret

RS 4/2015 Orienteringssaker

- **Delegerte vedtak:**
 - Fitje sameige fekk løyve til å frakte ei bru inn til Storeset inst i Langedalen med helikopter. Løyvet vart gjeve som delegert vedtak.
 - Indre Sunnfjord Turlag har fått ekstraløyve til helikoptertransport i samband med bygginga på Longevasshytta. Dei fekk ikkje med seg alt dei trengte med første transporten. Løyvet vart gjeve som delegert vedtak.
- **Forvaltningsplan**

Forvaltningsplanen har fått endeleg godkjenning frå Miljødirektoratet. Den er no klar til trykking og utsending. Fylkesmannen har innkjøpsavtale på trykkeritjenester med eit firma som heiter Bergen Grafisk AS.
- **Nye vedtekter**

Verneområdestyret har fått nye og oppdaterte vedtekter. Blant endringane er auka mogelegheit for delegering av vedtaksmynde.
- **Tiltak i 2015**

Verneområdeforvaltaren vil gå gjennom dei tiltaka som er gjennomført i 2015, finansiert gjennom bestillingsdialogen.

Verneområdeforvaltaren gjekk gjennom orienteringssakene og svarte på spørsmål frå styret.

Arkivsaksnr: 2013/1282-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 04.11.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	27/2015	17.11.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - fornying av fleirårig skuterløyve - Gjengedalsmarkja beitelag

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Gjengedalsmarkja beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter på desse tre rutene:

- Gjengedalsstøylen – Styggelivatna
- Gjengedalsstøylen – Botnane/Dyrkjinfjellet
- Gjengedalsstøylen – Fosselledalen

Køyring kan berre skje i tida 1.jan-30.mars i dei åra løyvet gjeld. Løyvet gjeld for perioden 2016 – 2019 og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b).

Vilkår til løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilag dagar
- Køyringa skal avgrensast til det som er naudsynt og det skal takast omsyn til dyreliv, planteliv og turfolk. Særleg viktig er det å ta omsyn til villrein, det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2015

Vedtak

Gjengedalsmarkja beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter på desse tre rutene:

- Gjengedalsstøylen – Styggelivatna
- Gjengedalsstøylen – Botnane/Dyrkjinfjellet
- Gjengedalsstøylen – Fosselledalen

Køyning kan berre skje i tida 1.jan-30.mars i dei åra løyvet gjeld. Løyvet gjeld for perioden 2016 – 2019 og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b).

Vilkår til løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyning
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilag dagar
- Køyninga skal avgrensast til det som er naudsynt og det skal takast omsyn til dyreliv, planteliv og turfolk. Særleg viktig er det å ta omsyn til villrein, det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyning. SNO kan nekte køyning dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyning skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Vurdering

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av skuterløyve frå Gjengedalsmarkja beitelag
- Løyve til transport av saltstein 2013 – 2015

Søknaden

Gjengedalsmarkja beitelag hadde løyve til å transportere saltstein med snøskuter i åra 2013 – 2015. Løyvet gjaldt transport utkøyning av saltstein på tre ruter med utgangspunkt på Gjengedalsstøylen.

Beitelaget søker no om å få fornya det løyvet. Dei ynskjer framleis eit løyve som kan gjelde over fleire år, slik at dei slepp søkje kvart år.

Dei tre rutene som beitelaget vil køyre:

- Gjengedalsstøylen – Styggelivatna
- Gjengedalsstøylen – Botnane/Dyrkjinfjellet
- Gjengedalsstøylen – Fosselledalen

Dei vil køyre ein tur per år på kvar av rutene.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til køyring av saltsteinar jamfør § 3 punkt 5.3:

§3 vernereglar

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luffarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Verneområdestyret har altso heimel til å gje eit slikt løyve som det er snakk om.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon til motorferdsel i landskapsvernområdet, må søkjaren sørge for at køyringa er i tråd med lova om motorferdsel i utmark (løyve eller klarering hjå kommunen) og løyve frå grunneigar til å køyre på grunnen.

Vurdering

Utkøyring av saltstein er eit vanleg og akseptert behov innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er omtala både i verneforskrift og forvaltningsplan, og verneområdestyret har som forvaltningspraksis å gje løyve til dette føremålet. Føremålet og behovet vart vurdert i samband med det førre løyvet, og det har ikkje kome inn nye moment til dette.

Beitelaget sjølv melder at dei, grunna snøforholda, berre fekk brukt det gamle løyvet i 2015. Forvaltninga har ikkje registrert nokon negative effektar eller tilbakemeldingar etter det løyvet. Det har ikkje dukka opp nye moment som skulle tilseie at Gjengedalsmarkja Beitelag ikkje skal kunne fortsette med utkøyring av saltstein.

Området innanfor Storevatnet er kalvingsområde for villreinstammen i området. Villrein er sårbar for uro i tida før og under kalving, og dette må takast omsyn til. I det førre løyvet vart perioden for køyring avgrensa til tida fram til 15.mars. Dette skapte utfordringar for beitelaget, så det ofte er først etter denne datoen at det vert gode tilhøve for å køyre med skuter og last. Etter ein dialog med villreininteressene kom vi til eit kompromiss der ein kunne køyre i området fram mot 1.april, so lenge ein tok naudsynte omsyn til villreinen om ein skulle observere den. Den linja vil det vere naturleg å halde seg på. Det er i so fall viktig å ha tydelege vilkår for å unngå at villreinen vert uroa om den skulle trekke inn i kalvingsområdet tidlegare enn venta.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle tiltak som kan påverke natur og miljø vurderast opp mot nml §§ 8-12. § 8 handlar om kunnskapsgrunnlaget. I denne saka er kunnskapsgrunnlaget basert på erfaringar frå tidlegare løyve, både til Gjengedalsmarkja beitelag og til andre aktørar. Forvaltninga har etter kvart ei viss erfaring i å balansere beitenæringa sine behov opp mot omsynet til villrein. Forvaltninga har vore på fleire synfaringar i området siste åra og er godt kjende. Saka er godt belyst og kunnskapsgrunnlaget er so godt at føre-var-prinsippet i § 9 ikkje er aktuelt i denne saka.

Den samla belastninga av motorferdsel og anna aktivitet i området vert vurdert til å vere innanfor det akseptable (jamfør nml § 10). Motorferdsla i dette området avgrensar seg til eit

fåtalls turar med snøskuter for beitenæringa og for hjelpekorpsa. Dette er aktivitet som er godt regulert og vurdert gjennom regelverk og sakshandsaming. Det er ikkje forventa at tiltaket skal føre med seg skade på naturmangfald som gjer erstatning jamfør § 11 aktuelt. Transportmetoden som det er søkt om, er blant dei mest skånsame metodane jamfør nml § 12.

Arkivsaksnr: 2013/1564-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 04.11.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	28/2015	17.11.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av skuterløyve - Risbotnen beitelag

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Risbotnen beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter til dei fem saltautomatane som er kartfesta på søknaden. Løyvet gjeld for inntil to turar kvart år i tida 1.jan-30.mars, i perioden 2016 – 2019. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b).

Vilkår til løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilag dagar
- Køyninga skal avgrensast til det som er naudsynt og det skal takast omsyn til dyreliv, planteliv og turfolk. Særleg viktig er det å ta omsyn til villrein, det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyning skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Vedtak

Risbotnen beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter til dei fem saltautomatane som er kartfesta på søknaden. Løyvet gjeld for inntil to turar kvart år i tida 1.jan-30.mars, i perioden 2016 – 2019. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b).

Vilkår til løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilagdagane
- Køytinga skal avgrensast til det som er naudsynt og det skal takast omsyn til dyreliv, planteliv og turfolk. Særleg viktig er det å ta omsyn til villrein, det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyting. SNO kan nekte køyting dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyting skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Vurdering

Dokument i saka:

- Løyve til skuterkøyting 2014 – 2015
- Søknad om fornying av skuterløyve frå Risbotnen beitelag

Søknaden

Risbotnen beitelag hadde løyve til å nytte snøskuter til uttransport av saltstein i åra 2014 og 2015. Løyvet gjaldt køyting til fem saltautomatar i området rundt Risbotnen og Rantane, og inntil to turar kvart år. Beitelaget søker no om fornying av dette løyvet. Søknaden gjeld dei same fem saltautomatane og framleis inntil to turar kvart år.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til køyting av saltsteinar jamfør § 3 punkt 5.3:

§3 vernereglar

5.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luffarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

b) *transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*

Verneområdestyret har altså heimel til å gje eit slikt løyve som det er snakk om.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon til motorferdsel i landskapsvernområdet, må søkjaren sørge for at køytinga er i tråd med lova om motorferdsel i utmark (løyve eller klarering hjå kommunen) og løyve frå grunneigar til å køyre på grunnen.

Vurdering

Utkøyring av saltstein er eit vanleg og akseptert behov innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er omtala både i verneforskrift og forvaltningsplan, og verneområdestyret har som forvaltningspraksis å gje løyve til dette føremålet. Føremålet og behovet vart vurdert i samband med det førre løyvet, og det har ikkje kome inn nye moment til dette.

Forvaltninga har ikkje fått negative tilbakemeldingar i samband med løyvet beitelaget hadde i 2014-2015, eller registrert andre negative verknader av det. Med andre ord har det løyvet truleg vore forvalta og nytta på ein god og skånsam måte.

Området på sørsida av Storevatnet og Dalevatnet er definert som kalvingsområde for villreinen i området. Villrein er sårbar for uro i tida før og under kalving, og dette må takast omsyn til. I det førre løyvet vart perioden for køyring avgrensa til tida fram til 15.mars. Dette skapte nokre utfordringar for beitelaga, då det ofte er først etter denne datoen at det vert gode tilhøve for å køyre med skuter og last. Etter ein dialog med villreininteressene kom vi til eit kompromiss der ein kunne køyre i området fram mot 1.april, so lenge ein tok naudsynte omsyn til villreinen om ein skulle observere den. Den linja vil det vere naturleg å halde seg på. Det er i so fall viktig å ha tydelege vilkår for å unngå at villreinen vert uroa om den skulle trekke inn i kalvingsområdet tidlegare enn venta.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle tiltak som kan påverke natur og miljø vurderast opp mot nml §§ 8-12. § 8 handlar om kunnskapsgrunnlaget. I denne saka er kunnskapsgrunnlaget basert på erfaringar frå tidlegare løyve, både til Risbotnen beitelag og til andre aktørar. Forvaltninga har etter kvart ei viss erfaring i å balansere beitenæringa sine behov opp mot omsynet til villrein. Forvaltninga har vore på fleire synfaringar i området siste åra og er godt kjende. Saka er godt belyst og kunnskapsgrunnlaget er so godt at føre-var-prinsippet i § 9 ikkje er aktuelt i denne saka.

Den samla belastninga av motorferdsel og anna aktivitet i området vert vurdert til å vere innanfor det akseptable (jamfør nml § 10). Motorferdsla i dette området avgrensar seg til eit fåtall turar med snøskuter for beitenæringa og for hjelpekorpsa. Dette er aktivitet som er godt regulert og vurdert gjennom regelverk og sakshandsaming. Det er ikkje forventat at tiltaket skal føre med seg skade på naturmangfald som gjer erstatning jamfør § 11 aktuelt. Transportmetoden som det er søkt om, er blant dei mest skånsame metodane jamfør nml § 12.

Arkivsaksnr: 2012/482-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.11.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	29/2015	17.11.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fornyning av skuterløyve - Øvre Naustdal Utmarkslag

Forvalters innstilling

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar

Øvre Naustdal Utmarkslag får løyve til bruk av snøskuter i samband med transport av naudsynte varer og materialar til hytter og stølar. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 e) og f). Løyvet gjeld for perioden 2016 – 2019 og for perioden 1. jan til 15.april desse åra. Det kan køyrast inntil 10 turar kvart år i perioden.

Løyvet er gjeve på følgande vilkår:

- Dette løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport eller rekreasjonskøyning.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og andre heilagdaggar.
- Omfanget av snøskuterkøyninga skal avgrensast til det som er naudsynt. Kortaste rute som er praktisk mogeleg skal veljast.
- Det skal ikkje køyrast i områder kor det oppheld seg villrein.
- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen må varslast seinast dagen før transporten blir gjennomført (tlf. 97 59 51 02).
- Kvart år skal det sendast rapport til forvaltingsstyresmakta om gjennomførte transportar.

All køyring må vere i tråd med reglane i lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for dette.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2015

Vedtak

Øvre Naustdal Utmarkslag får løyve til bruk av snøskuter i samband med transport av naudsynte varer og materialar til hytter og stølar. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 e) og f). Løyvet gjeld for perioden 2016 – 2019 og for perioden 1. jan til 15.april desse åra. Det kan køyrast inntil 10 turar kvart år i perioden.

Løyvet er gjeve på følgande vilkår:

- Dette løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport eller rekreasjonskøyring.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og andre heilag dagar.
- Omfanget av snøskuterkøyringa skal avgrensast til det som er naudsynt. Kortaste rute som er praktisk mogeleg skal veljast.
- Det skal ikkje køyrast i områder kor det oppheld seg villrein.
- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen må varslast seinast dagen før transporten blir gjennomført (tlf. 97 59 51 02).
- Kvart år skal det sendast rapport til forvaltingsstyresmakta om gjennomførte transportar.

All køyring må vere i tråd med reglane i lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for dette.

Vurdering

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av snøskuterløyve frå Øvre Naustdal Utmarkslag
- Løyve til bruk av snøskuter til hytter og stølar 2012 – 2015

Søknad

Øvre Naustdal Utmarkslag har i åra 2012 – 2015 hatt løyve til bruk av snøskuter i samband med transport medlemmane i utmarkslaget sine hytter og stølar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Løyvet gjaldt for inntil ti turar kvart år som utmarkslaget sjølv administrerer for å dekke transportbehovet for åtte medlemmer som har hytte eller støl innanfor landskapsvernområdet. Utmarkslaget søker no om fornying av dette løyvet frå og med 2016.

Utmarkslaget søker vidareføring av det gamle løyvet på same vilkår. Dei har ikkje meldt inn nye moment eller behov for endring.

Verneforskrifta

I landskapsvernområdet er motorferdsel i utgangspunktet forbode, jf verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Forvaltingsstyresmakta kan likevel gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfelle, jf. § 3 punkt 5.3:

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

e) transport av varer til hytter og stølar

f) transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.

I tillegg må all motorferdsel i utmark vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Denne er det kommunen som handsamar. Ein må ha løyve frå grunneigar på grunnen der ein skal køyre.

Vurdering

Transport av utstyr og forsyningar til hytter er både eit vanleg og akseptert behov i verneområda. I Naustdal-Gjengedal står det omtala både i verneforskrift og i forvaltningsplan. Her kan vi sjå kva forvaltningsplanen seier om transport til hytter og stølar:

«Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til transport av varer, forsyningar og utstyr til hyttar og stølar i landskapsvernområdet. Transportmåte og omfang må vurderast i kvar enkelt sak. Normalt sett vil ein kunne få løyve til inntil fem turar årleg til hytter og stølshus, men ved særskilt behov kan det opnast for fleire turar. Ved jamlege behov er det aktuelt med fleirårige løyver. Det er og ynskjeleg at fleire med transportbehov i same området samarbeider om dette, slik at ein reduserer motorferdsla til eit minimum.»

Det løyvet som Øvre Naustdal Utmarkslag (ØNU) søker om er heilt i tråd med det som står i forvaltningsplanen. Det er veldig positivt at fleire grunneigarar går saman om eit felles løyve som fleire kan nytte seg av. Det reduserer både det totale talet på løyver og turar, og det reduserer mengda sakshandsaming både for forvaltninga og grunneigarane.

Forvaltninga har ikkje registrert negative effektar av det løyvet som grunneigarane har hatt dei siste 4 åra. Det har heller ikkje kome negative tilbakemeldingar frå andre brukarar i samband med det løyvet. ØNU har vore flinke til å rapportere etter kvart år kor mykje dei har brukt dette løyvet, og det har avgrensa seg til eit fåtal turar kvart år. Enkelte år har det ikkje vore køyrt i heile tatt.

Dalføret frå Vonavatnet og innover til Gotdalen er kanskje det området i Naustdal-Gjengedal med mest snøskutertrafikk. Dette kjem av at det er eit område med mykje aktivitet frå fleire hald, med fleire hytter og mykje turfolk. I tillegg til motorferdsel i samband med hytter og stølar, har det og vore gjeve løyve til motorferdsel i samband med oppkøyring av skiløype og i samband med Røde Kors Hjelpekorps si kjentmannskøyring. Det er sjølvstøtt ikkje heldig om det vert mykje motorferdsel i eit slikt område. Både av omsyn til friluftslivet, av omsyn til at det er eit verna område og ikkje minst av omsyn til villreinen i området. Villreinen har ikkje brukt dette området i nemneverdig grad dei siste åra, men tidlegare har delar av området vore brukt, mellom anna til kalvingsområde.

Både grunneigarar og villreininteressene har vore bekymra for det samla omfanget av snøskutertrafikk i dette området. Forvaltninga har vore observant på denne problemstillinga, og oppmoda til samarbeid og dialog mellom aktørane her for å redusere omfanget. Dialogen har vore god, og vi har sett fleire døme på samarbeid. Når ein snøskute først er i området, kan ein støtte fleire føremål, til dømes vil kjentmannskøyning kunne kombinerast med både transport og løypekøyning. Forvaltninga meiner at dette har fungert bra, og det samla omfanget av motorferdsla blitt mindre enn venta.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Alle vedtak som kan påverke naturmiljøet skal, jf naturmangfaldlova (nml) § 7, vurdere alle vedtak opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 om kunnskapsgrunnlaget

Ein kan risikere at villreinen oppheld seg i dette området. Dersom villreinen oppheld seg her, skal den ikkje uroast. Ut over det kjenner ikkje forvaltingsstyresmakta til særskilte natur- eller miljøløverdiar som trengs å takast særleg omsyn til, utover den generelle regelen om at all ferdsel skal skje med varsemd (verneforskrifta §3 punkt 4.1).

§ 9 om føre-var-prinsippet

Tiltakshavar forpliktar seg til å undersøkje om det er villrein i området. Er det grunn til å tru at det oppheld seg villrein i dalføret, skal det ikkje vere motorisert ferdsel der.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Ved å samordne transport mellom fleire grunneigarar reduserer ein den samla belastninga. Det vert og oppmoda om dialog og samarbeid med andre aktørar som har løyve til å køyre med snøskuter i området, slik at samkøyning kan redusere den samla belastninga.

§11 om kostnadar ved miljøforringelse

Ikkje aktuelt i dette tilfellet.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Bruk av snøskuter til transport vil i dette tilfelle vere det mest skånsame og effektive metoden av omsyn til naturmiljøet.

Arkivsaksnr: 2015/562-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.11.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	30/2015	17.11.2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog 2016

Vurdering

Verneområdestyret må sette opp og prioritere tiltak for bestillingsdialogen for 2016. I bestillingsdialogen kan det setjast opp tiltak som gjeld skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid. Tiltaka skal bidra til å sikre eller fremje verneverdiane og andre naturverdiar i og rundt verneområdet. Tiltaka skal ha unik prioritering.

Vurderingar:

- Skal ein ha med alle dei tiltaka som står der i bestillingsdialogen for 2016? Er det tiltak som ikkje fell inn under postføremålet eller som ikkje er forvaltninga sitt ansvar/arbeidsområde?
- Er det tiltak som manglar på lista?
- Er kostnadssummane realistiske? (kan justere opp eller ned)
- Verneområdestyret må gjere ei unik prioritering av tiltaka

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2015

Vedtak

Verneområdestyret sette opp denne lista over tiltak til bestillingsdialogen for 2016

Priorit ering	Tiltak	Skildring av tiltaket	Samarbeids-aktører	Gjennomføri ngs-periode	Kostnads-overslag
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Halde fram med slått på Arnestadstøylen	Arnestad grunneigarlag	Årleg	10000
2	Naturhus Langedalen - 1	Informasjonsmaterieil / Infopunkt på Naturhuset i Langedalen. Fulle huset med innhald	Grunneigarane på Gimmedstad, Gloppen kommune	2016	50000
3	Merke T-ruta Langedalen - Longevasshytta	Den t-merka ruta frå Langedalen til Longevasshytta treng vedlikehald. Betre merking og skilting.	Indre Sunnfjord Turlag, Midtre Nordfjord Turlag	2016	5000
4	Skilt i Traudalen	Rydde opp i skiltjungel. Bestille nye skilt i tråd med nasjonal standard	Gloppen kommune, Rygg og Grov sameige	2016	10000
5	Fjerning av ikkje-ynskete artar	førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	SNO, grunneigarar	Kontinuerleg	100000
6	Sti Arnestadstøylen	Rydde, Merke, enkle tiltak på stien frå Osen og inn til Arnestadstøylen. Vurdere Sherpa-arbeid på delar av strekninga.	Arnestad grunneigarlag	2016	25000
7	Sti langs Stegsvatnet	Gjere tiltak i det mest utfordrande partiet under Stegen på den merka ruta frå Årdalen til Longevasshytta	Indre Sunnfjord Turlag, grunneigarar	2016	40000
8	Produksjon av trekloppar	Produksjon/innkjøp av bord til legging av trekloppar	Tenestekjøp	2016	70000
9	Ulike stiltak	Ulike behov for å reparere stiar og liknande etter den snørike vinteren 2014/2015	Grunneigarar	2016	50000
10	Sti Breidalen	Utbetre steinete sti første halvdel, klopplegge andre halvdel	Grunneigarar		25000
11	Sti til ytre Kandalsstøylen/Nesstøylen	Enkle tilretteleggingstiltak	Grunneigarar		25000
12	Stiarbeid Sørsendalen	Utbetre sti frå Kandalsstøylen og oppover Sørsendalen	Grunneigarar	2016?	25000
13	Sti langs Storevatnet	Vedlikehald i Urabakkane. Klopplegging i området frå Urabakkane til Byrkjeneset	Gjengedal beitelag, grunneigarar	2016	60000
14	Sti Vonavatnet - Nesstølen	Bygge vidare på arbeidet som vart gjort i 2013 og 2015.	Grunneigarar, SNO, Utmarkslaget		200000
				SUM	695000

Merknad:

To av tiltaka på den opphøvelege lista, «Naturhus Langedalen – 2» og «Mobilmast» vart tekne ut av lista då dei ikkje er i tråd med postføremålet og ikkje realistiske tiltak å gjennomføre gjennom bestillingsdialog. Desse sakene vil styret jobbe med på andre måtar.

ST 31/2015 Eventuelt

- **Føringar for verneområdestyret sitt driftsbudsjett for 2016**

Styret la følgjande føringar for driftsbudsjettet som skal utarbeidast for 2016:

- Det skal budsjetterast med fire fysiske styremøte i 2016
- Det skal takast høgde for kompetanseprogram/opplæring av nye styremedlemmar
- Det skal budsjetterast med ein studietur for styret, der styret kan besøke andre verneområder som har liknande utfordringar og saker som Naustdal-Gjengedal har

Arkivsaksnr: 2012/3790-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.11.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	32/2015	17.11.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av motorbåtløyve - Fitje og Mardal sankelag

Verneområdeforvaltar sitt framlegg til vedtak:

Mardal og Fitje Sankelag får løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med sauesankinga. Løyvet gjeld inntil ni turar tur/retur Fitjestøylen kvart år, og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b)

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for fire år, altso perioden 2016 til og med 2019.
- Løyvet gjeld transport av forsyningar og utstyr i samband med sankinga, og kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er naudsynt, og det skal, so langt som det lar seg gjere, ikkje køyrast på sundagar og heilagdaggar.
- Det skal takast omsyn til andre brukarar av området.
- Det skal kvart år sendast ein kort rapport om bruken av løyvet til verneområdeforvaltar.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2015

Vedtak

Mardal og Fitje Sankelag får løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med sauesankinga. Løyvet gjeld inntil ni turar tur/retur Fitjestøylen kvart år, og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b)

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for fire år, altso perioden 2016 til og med 2019.
- Løyvet gjeld transport av forsyningar og utstyr i samband med sankinga, og kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er naudsynt, og det skal, so langt som det lar seg gjere, ikkje køyrast på sundagar og heilagdaggar.
- Det skal takast omsyn til andre brukarar av området.
- Det skal kvart år sendast ein kort rapport om bruken av løyvet til verneområdeforvaltar.

Vurdering

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av fleirårige løyver til motorferdsel frå Fitje og Mardal sankelag
- Løyve til å nytte båt med motor 2012 – 2015 – Fitje og Mardal sankelag

Søknaden

Fitje og Mardal sankelag har søkt om fornying av sitt løyve til å bruke båt med påhengsmotor på Langedalsvatnet i samband med sauesankinga. Sankelaget har i åra 2012 – 2015 hatt løyve til inntil ni turar tur/retur Fitjestøylen kvart år i perioden i samband med sauesankinga. Turane skal nyttast til transport av utstyr og forsyningar i samband med sauesankinga.

Verneforskrift og regelverk

Det er i utgangspunktet forbode med motorisert ferdsel i landskapsvernområdet. Men forvaltningsstyresmakta kan i visse tilfelle gje dispensasjon frå forbodet, mellom anna til transport i samband med beitebruk. Dette står i verneforskrifta sin § 3 pkt. 5.3 b):

§ 3 Vernereglar

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Transport i samband med sauesanking går her under definisjonen «...og liknande for husdyr på beite». Transport av skada og sjuke husdyr kan skje utan løyve, til det føremålet er det generell dispensasjon i verneforskrifta sin § 3 pkt. 5.2 d).

Forvaltningsstyresmakta har, slik verneområdeforvaltaren vurderer det, heimel til å gje ein slik dispensasjon som det er søkt om.

Søkjaren må sjølv syte for å ha naudsynte løyver frå andre instansar, til dømes løyve frå kommunen i tråd med lova om motorferdsel i utmark og på vassdrag, og løyve frå grunneigarar.

Vurdering

Grunnlaget for søknaden er det same som på det tidlegare løyvet. Behovet for tiltaket var vurdert den gongen og forvaltaren syner til vurderinga som vart gjort i saksutgreiinga den gong. Styret sin forvaltningspraksis sidan den gong har dessutan vore å kome beitenæringa sine transportbehov i møte og gje naudsynte løyve innanfor dei rammene som verneforskrift og anna regelverk set.

Erfaringane med det tidlegare løyvet er gode, og det har ikkje kome negative tilbakemeldingar på denne motorferdsla. Bruk av båt er dessutan ei form for ferdsle som ikkje set spor og som er lite kontroversiell, sjølv om det vert nytta motor.

Forvaltninga vil minne om at ein ikkje har heimel til å gje løyve til persontransport. Eit eventuelt løyve skal ha som primærføremål å transportere proviant, utstyr og forsyningar i samband med sankinga. Dette hindrar ikkje at mannskap kan følgje med under transportane, men ein kan ikkje bruke slike løyve til rein persontransport. Det er viktig at tiltakshavar set seg inn i løyvet og vilkåra for løyvet, og følgjer opp det som står der.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

I tråd med § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle vedtak som kan ha innverknad på naturgrunnlaget, vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saken er godt opplyst, jf. nml § 8. Forvaltninga er godt kjende i området. Ein har ikkje kjennskap til nokon natur- eller verneverdiar som kan verte negativt påverka av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget er so godt i høve til tiltaket, at føre-var-prinsippet i nml § 9 ikkje treng vektleggast i denne saka.

Det er snakk om eit avgrensa tal turar der motor skal nyttast, strekninga er ikkje lang og den motoriserte ferdsla i området er på eit minimum. Den samla belastninga av motorferdsel i området er derfor ikkje stor og godt innanfor det akseptable, jf. nml § 10. Bruk av båt til transport er etter forvaltninga sitt syn den mest skånsame måten å transportere på jf. § 12, sjølv om det skjer ved hjelp av påhengsmotor. Reglane i § 11 er ikkje aktuelle i denne saka.

Arkivsaksnr: 2012/958-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.11.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	33/2015	17.11.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av skuterløyve - Fitje og Mardal sankelag

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Fitje og Mardal sankelag får løyve til å bruke snøskuter til transport av saltstein. Løyvet gjeld ein tur kvart år i perioden 2016 – 2019 på ruta Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet – retur. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b) og gjeld på følgjande vilkår:

- Køyning skal gjennomførast i perioden 1. mars – 30.april, og det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilag dagar.
- Løyvet skal vere med under køyning.
- Statens Naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast seinast dagen før køyninga tek til. SNO kan stanse køyning dersom til dømes omsyn til villrein krev det.
- Det skal sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar etter køyning.
- Villrein skal ikkje uroast. Det skal ikkje køyrast inn i området dersom villreinen er observert langs ruta. Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500 m.

Vedtak

Fitje og Mardal sankelag får løyve til å bruke snøskuter til transport av saltstein. Løyvet gjeld ein tur kvart år i perioden 2016 – 2019 på ruta Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet – retur. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b) og gjeld på følgjande vilkår:

- Køyning skal gjennomførast i perioden 1. mars – 30.april, og det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdaggar.
- Løyvet skal vere med under køyning.
- Statens Naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast seinast dagen før køyringa tek til. SNO kan stanse køyning dersom til dømes omsyn til villrein krev det.
- Det skal sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar etter køyning.
- Villrein skal ikkje uroast. Det skal ikkje køyrast inn i området dersom villreinen er observert langs ruta. Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500 m.

Vurdering

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av motorferdselløyver frå Fitje og Mardal sankelag
- Løyve til bruk av snøskuter for 2012 – 2015

Søknaden

Fitje og Mardal sankelag søker om fornying av skuterløyve til transport av saltstein. Sankelaget har hatt løyve til bruk av snøskuter i samband med transport av saltsteinar. Løyvet var gyldig frå 2012 til 2015 og gjaldt for ein tur per år på ruta Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet – retur.

Sankelaget søker om fornying av løyvet på same grunnlag og vilkår som tidlegare. Dei ynskjer eit fleirårig løyve.

Verneforskrift og regelverk

I utgangspunktet er motorferdsel forbode inne i verneområdet, jf verneforskrifta § 3, punkt 5.1. Men i følgje § 3, punkt 5.3 so kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfelle, mellom anna transport av saltstein:

5.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Forvaltingsstyresmakta har derfor heimel til å gje ein slik dispensasjon som Mardal og Fitje sankelag søker om her.

All motorferdsel i utmark må vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamer denne lova. Ein må òg ha løyve frå grunneigar der kor ein køyrer, og alle grunneigarar har høve til å nekte ferdsl på sin grunn.

Vurdering

Grunnlaget for søknaden er det same som på det tidlegare løyvet. Behovet for tiltaket var vurdert den gongen og forvaltaren syner til vurderinga som vart gjort i saksutgreiinga den gong. Styret sin forvaltningspraksis sidan den gong har dessutan vore å kome beitenæringa sine transportbehov i møte og gje naudsynte løyve innanfor dei rammene som verneforskrift og anna regelverk set.

Erfaring med sankelaget si handtering av det tidlegare løyvet er gode. Dei har hatt tett kontakt med forvaltar og naturoppsyn, særleg med tanke på å ta omsyn til villreinen. Jardalen og fjella rundt er vinterbeiteområde og på seinvinteren når det nærmar seg kalving er villreinen sårbar for uro. Dialogen kring dette har som sagt vore god og sankelaget har tatt dei omsyn dei har blitt pålagt av forvaltninga. Vi har heller ikkje registrert negative tilbakemeldingar frå andre brukarar i området.

Forvaltninga vil minne om at motorferdsel i utmark må vere i tråd med anna lovverk. Ein må enten ha heimel i lov om motorferdsel eller få løyve frå kommunen. Ein må og ha løyve av grunneigar(ar) der ein skal køyre. Køyrety skal vere registrert og i forskriftsmessig stand, og det skal nyttast hjelm under køyring.

Vurdering i høve til miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Alle vedtak skal, jf naturmangfaldlova (nml) § 7, vurdere alle vedtak opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 om kunnskapsgrunnlaget

Ein kan risikere at villreinen oppheld seg i dette området. Dersom villreinen oppheld seg her, bør ikkje den uroast. Ut over det kjenner ikkje forvaltningsstyresmakta til særskilte natur- eller miljøverdiar som ein treng å take særleg omsyn til, utover den generelle regelen om at all ferdsel skal skje med varsemnd (verneforskrifta §3 punkt 4.1). Forvaltninga har god kjennskap til dette området gjennom fleire synfaringar og erfaring med tidlegare løyver til motorferdsel.

§ 9 om føre-var-prinsippet

Tiltakshavar forpliktar seg til å undersøkje om det er villrein i området. Er det grunn til å tru at det oppheld seg villrein i området, skal det ikkje vere motorisert ferdsel der som kan uroe den.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Motorisert ferdsel er på eit lågt nivå i verneområdet generelt og i dette området spesielt, og det er snakk om berre ein tur per år. Den samla belastinga er derfor vurdert til å vere låg.

§11 om kostnadar ved miljøforringelse

Ikkje aktuelt i dette tilfellet.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Bruk av snøskuter til transport vil i dette tilfelle vere ein mest skånsam og effektiv metode av omsyn til naturmiljøet. Tiltakshavar må legge opp ruta slik at den ikkje uroar sårbart dyreliv.

Arkivsaksnr: 2015/562-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.11.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	34/2015	17.11.2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2015

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter.

Med kurant karakter er meint følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdslø og motorferdslø.
- Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Forvaltaren sitt delegerte mynde gjeld berre eittårige løyve. Eventuell forlenging til fleirårige løyve kan berre gjerast av verneområdestyret.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.»

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har hatt gjennomgang av vedtektene til nasjonalpark- og verneområdestyra, og kome med nye og oppdaterte vedtekter. Ei av endringane i dei nye vedtektene er at dei har opna opp for meir delegering av vedtaksmynde frå styret til forvaltar.

Frå før har verneområdestyret delegert vedtaksmynde til forvaltar for eittårige løyver som gjeld ferdsel og har heimel i verneforskrifta. Det er omtrent i tråd med det som dei gamle vedtektene opna for.

I dei nye vedtektene står det om delegering:

«Styret kan gje forvaltar(ane) mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

- *Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsle og motorferdsle.*
- *Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:*
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.*
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.»

Det er altso utvida høve til delegering. Kort fortalt kan ein no og delegere vedtaksmynde i byggesaker, inngrepssaker og sokalla «§48-saker» dersom det føreligg forvaltningspraksis eller retningslinjer i forvaltningsplan.

Sidan det gjeld forvaltar sitt mynde vil ikkje verneområdeforvaltaren kome med noko framlegg i saka.

Handsaming i møte

Verneområdestyret bør diskutere om delegering av vedtaksmynde skal utvidast, og i so fall kva for saker det skal gjelde og på kva vilkår.